






## ÅRSMELDING 2022

Saman om felles utfordringar



# Innhald

Introduksjon: Om IT-forum Vest	s. 3 - 5
Innleiing ved styreleiar	s. 6
Vår aktivitet - kort fortalt	s. 7
Våre mål med vurderinger: <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Velfungerande e-helsetenester</li> <li>2. Tilgang til breiband med høg hastigheit</li> <li>3. Bidra til rekruttering, mangfald og utdanning innan teknologi</li> <li>4. Utvikle helsenæring</li> <li>5. Velfungerande og synleg organisasjon</li> </ol>	s. 8 - 13
Ansvar og berekraft	s. 14 - 15
Neste steg og framover	s. 16 - 17



# 1. Om IT-forum Vest

Vårt samfunnsoppdrag er å bidra til berekraftig vekst i Vestland gjennom eit breitt samarbeid om IT i næringsliv, offentlig sektor, utdanning og forskning. IT-forum Vest tek initiativ til, samordnar og bidrar i felles utviklingsaktivitetar til nytte for heile regionen.

Det gjer vi gjennom våre satsingar på:

- breiband
- velferdsteknologi
- oppvekst, utdanning, rekruttering og mangfald

## VÅRE VERDIAR:

Brukarnytte

Samarbeid

Mobilisering

## FAKTA

- Adresse Røyrgata 4, 6856 Sogndal
- Organisasjonsnummer er 923 872 442
- Foreninga har 20 medlemmer
- Registrert i Foretaksregisteret, Meirverdiavgiftsregisteret, Frivillighetsregisteret
- Omsetnad i 2022 -
- Tal tilsette: 0 (*alle tenester er innleigd*)
- Foreninga har oversikt over medlemmer, leverandørar og andre interessentar (sjå neste side).

## STYRET:

- Christiane Ulriksen, Eviny (styreleiar)
- Frode Kyrkjebø, KS Vest-Norge (nestleiar)
- Marie Havnen, Lotteri- og stiftelsestilsynet
- Nils Erling Yndesdal, Statsforvaltaren i Vestland
- Bjørn Lødemel, Sogn og Fjordane Næringsråd
- Kristin Fanebust Hetland, Høgskulen på Vestlandet
- Tore Nyhammer, Bergen Fiber AS
- Frode Schanke, Helse Førde

## VALNEMNDA:


- Terje Heggheim
- Merete Lunde

# Slik gjer vi det


Interessentar:

- Næringsliv, off.sektor, FoU
- Medlemmer
- Styret
- Partnerar (med avtaler)
- Leverandørar
- Samarbeidspartnarar
- Kommunar

Gjennom eit breitt samarbeid om IT i næringsliv, offentlig sektor, utdanning og forskning, tek IT-forum Vest initiativ til, samordnar og bidrar i felles utviklingsaktivitetar til nytte for heile samfunnet i regionen.



IT-forum Vest har ingen tilsette, men styret (samansett av medlemmer) leiger administrasjon-tenester frå ulike leverandørar til dagleg drift av foreininga og praktisk gjennomføring av satsingsområde. Det gjeld samarbeid i det daglege med andre aktørar på områda breiband, velferdsteknologi, oppvekst, utdanning, rekruttering og mangfald. Leverandørar står også for gjennomføring av arrangement og nettverkssamlingar.



IT-forum Vest har inngått partnerskapsavtale med Vestland fylkeskommune med årlege tilskotsmidlar. I tillegg betalar medlemmene ein årleg medlemsavgift.

# Interessentar og økonomi

## Våre 20 medlemmar



### Hovudtal rekneskap:

1. Inntekter totalt: 2 048 433,-
2. Utgifter totalt: 1 916 241,-
3. Resultat før skatt: 132 193,-
4. Balanse - egenkapital og gjeld: 1 357 017,-

### Dei største inntektspostane:

1. Tilskot Vestland fylkeskommune NOK 1 mill
2. Medlemskontingent NOK 400 000,-


### Dei største utgiftspostane:

1. Honorar Vestlandsforskning NOK 879 878,-
2. Honorar Ymsir NOK 499 788,-
3. Honorar Deloitte AS 84 021,-
4. Honorar Økonomiservice 51 334,-
5. Skatt: 30 862,-

### Dei største leverandørane:

1. Vestlandsforskning
2. Ymsir AS
3. Scandic Hotel Voss
4. Deloitte AS
5. Økonomiservice AS

## 2. Innleiing ved styreleiar, Christiane Ulriksen



*IT-forum Vest skal vere ein viktig alliansepart og ein sterk bidragsytar for ei god framtid i Vestland.*



### **Kjære medlemmer og samarbeidspartnarar av IT-forum Vest,**

Vi ser tilbake på eit spennande og innhaldsrikt år med mykje aktivitet. Vi har tatt i bruk ny strategi, med eit medvite forhold til berekraftsmål.

Vestland Fylkeskommune sin *Temaplan for breiband og digitalisering* er svært viktig for regionen vår og vi er glade for å ha vore ein sentral bidragsytar i dette arbeidet. I denne samanheng er det godt å kunne nevne at nivået på NKOM breibandsmidlar til Vestland for 2023 er bra.

Arbeidsgruppa for Rekruttering og mangfald har bidratt med arrangement og kunnskap om IT-kompetanse i regionen og jenter og teknologi. Vi er svært glade for at IT-utdanninga ved HVL i Førde, som vi har vore initiativtakar til og pådrivar for, har gode opptakstall, men vi treng fleire kvinnelege søkarar. Det er også kjekt å sjå at det allereie fins gode døme på studentar som har hatt relevante sommar og sidejobbar i det regionale næringslivet. Det har også resultert i fast jobb etter avslutta studie. Dette er et godt eksempel på samarbeid mellom akademia, privat og offentlig sektor - til det beste for studentane og ikkje minst regionen. Dette har også inspirert andre og bidratt til liknande satsingar i andre delar av fylket.

Vi har gjennomført Oppvekst- og utdanningskonferansen i Loen, den første på tre år pga. korona. Vi har også, etter mange års pause, dratt i gang igjen IT-konferansen. Vi har fått mange gode tilbakemeldingar på innhald, men også for å gjenskape ein sakna møteplass. Engasjerte deltakarar har gitt oss gode og nyttige innspel til neste konferanse.

Partnerskapsavtalen med Vestland fylkeskommune er nyleg blitt forlenga med eitt år, noko som gir oss og våre samarbeidspartnarar meir forutsigbarheit.

Kort oppsummert – vi har stått på for å lukkast med samarbeid på tvers av privat- og offentlig sektor og akademia. I år skal vi fortsette å bygge på det gode samarbeidet vi har etablert, men også invitere fleire aktørar frå den sørlege del av Vestland inn. I lag står vi på for å skape meir berekraftig vekst i Vestland gjennom bruk av teknologi.

Stor takk til våre medlemmer, samarbeidspartnarar, styret og administrasjon for godt samarbeid!

Christiane Ulriksen,  
Styret i IT-forum Vest




TEMA - KORT FORTALT	2021	2022	KOMMENTARAR
Medlemmer	20	20	<ul style="list-style-type: none"><li>• Privat næringsliv (10)</li><li>• Akademia (2)</li><li>• Offentleg sektor (8)</li></ul>
Styremøte	4	8	2022: 7 digitale styremøte og eit fysisk på Leikanger
Eigne arrangement	3	4	1. 8. mars-arrangement på Peak Sunnfjord (50) 2. Årsmøtesamling i Bergen (26) 3. Oppvekst- og utdanningskonferanse i Loen (70) 4. IT-konferanse på Voss (97)
Deltakarar på arrangement	83	243	Auke på 160 deltakarar. 2021: digitalt frukostmøte (30) + årsmøte (20) + nettverksmøte helseteknologi (33). For 2022, sjå linja over.
Aktuelt-saker nettside	19	10	Nesten ei halvering, men ok med ein frekvens på ein i månaden. Framover kan vi dele fleire relevante saker om medlemmer.
Unike besøk nettside	2.2K	4.1K	Kraftig auke pga. IT-konferansen på Voss. Dei fleste kom inn direkte (dobbelte så mange som frå Facebook og Google-søk. 45% kom via mobil. 53% frå desktop og 2% frå "tablet".
Innlegg på Facebook	21	25	Arrangement gir meir aktivitet, meir innhald og fleire innlegg.
Likarklikk på Facebook-sida	994	1011	Pen auke. 4 av 10 er kvinner. Vi har hatt to betalte arrangementskampanjar på FB i 2022.
Innlegg på LinkedIn	14	27	LinkedIn drar ikkje så mange til nettsida, men har rett profil. Vi når målgruppa med informasjon. Vi hadde 339 reaksjonar i 2022. Har ikkje tal for 2021.
Følgjarar på LinkedIn	199	407	Kraftig auke, særleg 14. juni og 5. oktober pga. invitasjonar frå administrator.

### 3. Våre ambisjonar og mål

Vi har fire eksterne ambisjonar/mål og eitt internt. I denne delen kan du lese meir om dei og vår vurdering av status for 2022.

- kva mål vi prioriterer
- kva problem vi skal løyse, eller moglegheiter vi skal gripe
- Interessentar
- tiltak for å nå måla
- Effektmål
- vurdering av måloppnåing og framover





# MÅL 1

PROBLEM VI  
SKAL LØYSE,  
ELLER  
MOGLEGHEITER  
VI SKAL GRIPE

INTERESSENTAR

TILTAK FOR Å NÅ MÅL

KORLEIS VIL  
DET Å NÅ  
DETTE MÅLET  
FÅ EFFEKT?

VURDERING AV MÅLOPPNÅING OG FRAMOVER

**Vi skal bidra til at alle innbyggjarane skal kunne bu trygt og lengst mogleg heime med velfungerande e-helsetenester**

Den demografiske utviklinga i Norge viser at talet på personar med behov for pleie- og omsorgstenester aukar, medan talet på helsepersonell er forventa å gå ned.

- Alle kommunane
- Specialisthelsetenesta (Helse Førde, Helse Bergen, Helse Fonna og Helse Vest IKT)
- Utviklingssentra i Vestland: USHT Sfj, USHT Hordaland og USHT Fonna
- Utdanning og forskingsmiljøa: Høgskulen på Vestlandet, inkl. senter for omsorgsforskning og Vestlandsforskning
- Fylkeseldrerådet, fylkesnivå NSF, Fagforbundet Vestland og Pensjonistforbundet.

1. Bidra og vidareutvikle samarbeidsnettverket i Vestland etter plan. Inkludere fleire partnerar
2. Bistå HVL i å utvikle velferdsteknologi-utdanning. Påverke politisk for studieplassar og midlar til utvikling
3. Vurdere erfaringsdeling og utveksling via Norec og deira program Jf. Mål nr. 2.

Innbyggjarar får i større grad dekt sine behov og det offentlege løyser sine oppgåver på ein smartare måte.

E-helse Vestland omfatta dei 34 kommunane i Vestland fylke ved inngang til 2022. Etter samanslåing med Digi Vestland, var i prinsippet alle dei 43 kommunane med. I tillegg deltek spesialisthelsetenesta, de tre utviklingssentra for sjukeheimar og heimetenester (USHT) i fylket og FoU. Brukarorganisasjonar er Fylkeseldrerådet, Fylkesnivå NSF, Fagforbundet Vestland og Pensjonistforbundet. Digi Vestland har no fått ansvar for å koordinere og har det heilskaplege ansvaret for aktivitetane på e-helseområdet i Vestland utfrå KS sin felles plan og råmeverk for e-helseområdet. Hovudaktivitetar:

- Forsterke effektar og vidareutvikle Vestlandsnettverket for velferdsteknologi knytt til det nasjonale velferdsteknologiprogrammet. Vi kom med i det nye nasjonale programmet i 2022, og dette skal gå fram til 2024. Oppfølging av alle kommunar.
- Mobilisere til og implementere digital heimeoppfølging i samarbeid med sjukehus og kommunar. Har pilotprosjekt i gang i Ullensvang og Kvinnherad kommunar, saman med Helse Fonna for sårbehandling, og i Sogndal og Årdal kommunar saman med Helse Førde for psykiatri. Breidding til 18 kommunar under planlegging.
- Vidareutvikle felles kompetanseoppbygging mellom alle kommunar og utdanningane der omfattande kartlegging av status og behov i kommunane er gjennomført og oppsummert.
- Vidareutvikle tenester for barn, unge og vaksne med medfødt eller tidleg erverva funksjonsnedsetting, der sju kommunar inngår i nettverket regionalt, samt deltaking nasjonalt.
- Redusere digitalt utanforskap for å sikre at alle kan gjere seg nytte av tenestene

## MÅL 2

PROBLEM VI SKAL  
LØYSE, ELLER  
MOGLEGHEITER VI SKAL  
GRIPE

INTERESSENTAR

TILTAK FOR Å NÅ MÅL

KORLEIS VIL DET Å  
NÅ DETTE MÅLET FÅ  
EFFEKT?

VURDERING AV MÅLOPPNÅING OG FRAMOVER

**Vi skal bidra  
til at alle  
innbyggjarar  
har tilgang til  
breiband med  
høg  
hastigheit.**

Dersom alle skal kunne bruke nye digitale tenester, og kunne delta i eit moderne samfunn, må også digital kommunikasjon vere tilgjengeleg.

Koronapandemien har med all tydelegheit vist at godt breiband er avgjerande viktig for både næringsliv, skule og offentlege oppgåver.

Det er særst viktig at alle i Vestland får eit slikt tilbod og at dei områda som no har dårleg dekning blir ferdig utbygd.

- Kommunane (planar og innsats)
- Stortinget (budsjett)
- Regjering (budsjett)
- Vestland fylkeskommune (finans)
- Næringslivet (påtrykk)
- EKOM-bransjen (kompetanse og gjennomføringskraft)
- Norec

1. Delta i utvikling av ny temaplan for digitalisering og telekommunikasjon saman med fylkeskommunen (inkluderer både breiband, mobilnett og tenester) Her kjem oversikt over kva kommunar som står att. Digitalt utanforskap blir behandla i planen. IP deltek i arbeidsgruppa kvar måndag. Arbeidet er godt i gang sidan oppstartsmøte 28. Juni.
2. Formidle behov frå kommunar og ha dialog med leverandørane i regionen om å ferdigstille restområde.
3. Påverke nasjonale styresmakter for å sikre finansiering til breibandutbygging og sikre opne og rettferdige kriteria for tildeling av midlar Temaplan – Uttale distriktsmelding - KDD invitert til konferanse – planar om møte med stortingsbenkane frå Sfj og H.

Dele meir kunnskap i media og i eigne flater om kva som er status og utfordringar i regionen Tema på IT-konferansen. Deler høyringsuttale til distriktsmeldinga (veke 41).

Tilgang til breiband med høg hastigheit vil gjere rekruttereining enklare, gje grunnlag for etablering av arbeidsplassar i heile regionen, bidra til livskvalitet og hindre digitalt utanforskap. Alt i alt vil det å nå målet motverke befolkningsnedgang og bidra til vekst og utvikling.

**Nkom-målingar** hausten 2022 viser at 95,5 prosent av alle husstandane i Vestland fylke har tilgang til fast breiband med hastigheit på minst 1 gigabit/s (1000 megabit/s) (tredje mest i landet). 96,3 prosent av alle husstandane har tilgang til breiband med hastigheit på minst 100 megabit/s (nest mest i landet), og nesten alle husstandane i fylket (99,5 %) har tilgang til breiband med minst 30 megabit/s (nest mest i landet). For spreiddbygde område er tala høvesvis 84,6 %, 93,6 % og 98,5 %. Totalt manglar no 8.100 husstandar i Vestland gigabit-kapasitet.

**Tildelingar av nasjonale midlar til Vestland fylkes dei siste åra:**

- 2020: 32.520.113 kroner,
- 2021: 30.388.763 kroner,
- 2022: 24.469.568 kroner,
- 2023: 33.151.627 kroner

Desse tala er oppnådd etter svært mange år med mobilisering for breibandstøtte. Dei resterande områda blir arbeidd vidare med gjennom den nye *Temaplanen for breiband og digitalisering* der IT-forum er med i arbeidsgruppe saman med Vestland fylkeskommune. Arbeidet starta i juni 2022 og det er gjennomført 16 arbeidsmøte der ei rekkje organisasjonar har vore involvert i dialogmøte om behov og innhald.

# MÅL 3

## Vi skal bidra til rekruttering, mangfald og utdanning innan teknologi.

PROBLEM VI SKAL LØYSE, ELLER MOGLEGHEITER VI SKAL GRIPE

INTERESSENTAR

TILTAK FOR Å NÅ MÅL

KORLEIS VIL DET Å NÅ DETTE MÅLET FÅ EFFEKT?

VURDERING AV MÅLOPPNÅING OG FRAMOVER

Rekruttering er peika på som ei av dei største utfordringane framover. Tilgang til teknologisk arbeidskraft er særleg prekær og det høyrer og saman med utdanning av kandidatar frå teknologifag. Vi bidro til å etablere IT-utdanning i Førde og må følgje opp og bidra til at etableringa blir vellukka.

Studentrekruttering, få kvinner blant studentane og tilgang på kvalifiserte lærarkrefter er utfordringar vi må løyse. Vi må også bidra til at fleire får tilgang til teknologisk arbeidskraft totalt sett i regionen.

- Høgskulen på Vestlandet
- Framtidsfylket
- Vestlandsforskning
- Sparebanken S fj
- Sunnfjord Utvikling
- Helse Førde

1. Vidareføre arbeid for rekruttering av jenter, kvinner og innvandrar for å gje eit større mangfald av studentar, lærarar og rettleiarar. Arbeidsgruppe med Framtidsfylket, Vestlandsforskning, HVL, Sunnfjord Utvikling og Sparebanken S fj hadde i 2022 fire møte, i tillegg til samling på IT-konferansen. Dei fleste av dei, Hilde Corneliussen, Linda Hovland og Kathe Arnesen bidro alle med relevante innlegg.
2. Bruke resultat frå prosjekta Kvinneløftet – FixIT og Teknoløft SFj og for å gjennomføre informasjons- og motivasjonsopplegg for breiare rekruttering. Tema på IT-konferansen. Innspel/kommentar til Grøn Region Vest og Temaplan for digitalisering.
3. Få oversikt over og formidle kvinnelege rollemodellar i Vestland innan IKT.
4. Bidra til å kople næring og forvaltning i regionen inn i studentjobbar, gjesteforelesingar og studentoppgåver for å gjere utdanninga så relevant som mogleg og skape best mogleg studentmiljø.
5. Bistå SU i å etablere pilotprosjekt i regionen for kortkurs i programmering. Dette blei presentert på næringsliv og off sektor under IT-konferansen. Bistand gis i arbeidsgruppa.
6. Vidareføre oppvekst og utdanningskonferansen for å støtte barn og unge i Vestland med å bli digitale borgarar og utvikle kritisk sans.

Vi vil bidra til at næringsliv, off. sektor, utdanning og forskning får tilgang til nødvendig kompetanse. Å auke mangfald vil vere avgjerande for verdiskaping og konkurransedyktigheit i regionen framover.

- HVL hadde rekordsøking til IT-utdanningane, med ein oppgang på 49 prosent samanlikna med i fjor. Det er den største auken blant alle utdanningsinstitusjonane som tilbyr dette i Noreg. (Kjelde HVL).
- Tal søkarar til IT-studiet i Førde var 15 i 2020, 28 i 2021 og 31 i 2022. Prosendel kvinner var høvesvis 13, 7 og 10.
- Frå kullet som starta ved det nyoppstarta it-studiet i Førde i 2018 og året etter, er det uteksaminert til saman 23 kandidatar på bachelor. To av desse er kvinner (9 %)
- Vi har bidratt til etablering av IT-utdanning ved HVL i Haugesund, som næringslivet i sørdelen av Vestland har finansiert og vil nyte godt av.
- Vi nådde tiltaks mål om arrangement der tematikken blei satt på dagsorden: *8. mars m Kvinner i tech på Peak Sunnfjord, IT-konferansen på Voss og Oppvekst- og utdanningskonferanse i Loen*. Vi tek sikte på både IT-konferanse og Oppvekst- og utdanningskonferanse i Loen også i 2023.
- Vi drar i gang ein aksjon for å få oversikt over og feire kvinnelege rollemodellar i Vestland innan IKT i 1. halvår 2023.
- *Kortkurs i programmering er ikkje starta. Arbeidet er framleis på planleggingsstadiet, men prosessen held fram.*

# MÅL 4

**PROBLEM VI SKAL LØYSE,  
ELLER MOGLEGHEITER VI SKAL  
GRIPE**

**INTERESSENTAR**

**TILTAK FOR Å NÅ MÅL**

**KORLEIS VIL DET Å NÅ  
DETTE MÅLET FÅ  
EFFEKT?**

**VURDERING AV MÅLOPPNÅING  
OG FRAMOVER**

**Vi skal vere med å utvikle næring og skape arbeidsplassar innan teknologi og helse.**

Velferdsteknologi er ei offentleg hovudsatsing og nyt stor interesse og engasjement frå heile fylket. Det har store økonomiske effektar for kommunane og gir høg profilering av fylket. 34 kommunar i Vestland er med. I tillegg er spesialisthelsetenesta, utviklingssentra og FoU-organisasjonar med.

Offentlege innkjøp er ein stor og viktig marknad for verksemdene. Dette har også eit stort potensiale for å stimulere nasjonal og regional innovasjon og entreprenørskap. Det krev god bestillarkompetanse og god kunnskap i offentleg sektor. Her har Vestland no er fortrinn som må utnyttast.

Helseteknologi er det næraste temaområdet IT-forum Vest kan engasjere seg i for å stimulere ny næringsutvikling.

- E-helse velferdsteknologi Vestland (kommunane)
- Helse Førde
- Helse Vest
- Norwegian Smart Care Cluster (Stavanger)
- Alrek helseklynge Bergen
- Vestlandsforskning
- Kunnskapsparken
- Sogn og Fjordane Næringsråd
- NHO Vestland
- Innovasjon Norge
- Sparebankstiftinga S fj
- Sparebanken S fj
- Sunnfjord Utvikling

1. Samarbeide med relevante interessentar - delta på arrangement og styrke nettverk. Samarbeid med Helse Førde og HVL.
2. Støtte Sunnfjord Utvikling i etablering av næringsklynge og i samarbeid med dei andre klyngene. Blir kopla mot satsing på helseteknologi-hub – ikkje klynge - i regi av Helse Førde og HVL. SU deltek her. Samstundes blir det jobba med søknad om prosjektleiing for klyngesatsing.

Vi vil kunne bidra til å etablere sterke næringsklynger med stort potensiale for vekst og utvikling av produkt og tenester som særleg det offentlege treng i framtida.

Vestland vil styrke sin nasjonale og internasjonale posisjon.

Samarbeidet med Sunnfjord Utvikling (SU) om å utvikle ei næringsssatsing knytt til e-helse i Sunnfjord er vidareført etter seminaret på Peak Sunnfjord i slutten av 2021.

Vi gjennomførte planleggingsmøte med SU i august med tema samarbeid om og støtte til søknad til SIVA om næringshage i Sunnfjord, Innovasjonsarena Sunnfjord.

Vi har vore med på dialog med Helse Førde om vidare samarbeid, og oppfølgingsmøte SU og Helse Førde i januar 23.

# MÅL 5

PROBLEM VI SKAL LØYSE,  
ELLER MOGLEGHEITER VI  
SKAL GRIPE

INTERESSENTAR

TILTAK FOR Å NÅ MÅL

KORLEIS VIL DET Å  
NÅ DETTE MÅLET  
FÅ EFFEKT?

VURDERING AV MÅLOPPNÅING  
OG FRAMOVER

## Vi skal ha ein velfungerande og synleg organisasjon

Vestland treng sterke stemmer og samarbeid på viktige tema. ITF har tradisjon for å vere ei viktig stemme og alliansepart i samfunnet og for å påverke prosessar på våre tema gjennom samarbeid med andre nettverk. Vi må halde på relevansen og bli meir synlege i mylderet.

Vi har begrensa økonomi og treng "fleire bein å stå på". Vi er kjent for å vere fleksible og ubyråkratiske, men må få ned nøkkelmansrisikoen og stette krav og behov interessentane har til oss n.d.gj. administrasjon og organisasjon.

ITF er for lite kjent i sør og hovudvekta av styremedlemmer og medlemmer er frå nordfylket. Vi må jobbe meir med heile regionen.

- Medlemmer
- Styret
- Leverandørar
  - Vestlandsforskning
  - YMSIR AS
  - Gasta AS
  - Økonomiservice, Sogndal
  - Deloitte Sogndal (revisor)
  - IT-leverandør
- Finansielle aktørar:
  - Vestland Fylkeskommune (har partnarskapsavtale)
- Samarbeidspartar
  - Initiativ Vest
  - Næringsalliansen Vest
  - KS Vest
  - Sfj Næringsråd
  - Bergen Næringsråd
  - Regionale næringssselskap
  - m.fl.

1. Auke synlegheit og legge til rette for gode nettverk og møteplassar: IT-konferansen 2022 blei gjennomført med 100 deltakarar. Sjå "kort fortalt om kommunikasjon på side ....
2. Sikre dagens finansiering, finne sekundær og levere på partnarskapsavtalen. (fylkeskommunal finansiering for 2023 er sikra – vi held fram søk etter sekundær.)
3. Tilpasse mva-vedtak i budsjett og aktivitet - evaluere og legge fram eit oppdatert grunnlag i forkant av årsbudsjett (ferdig)
4. Utgreie kompetansesamansetting og ressursbruk i dagens adm opp mot framtidig mål - vurdere fulltidstilsett (ikkje påbegynt - oppstart Q1 2023)
5. Få på plass strategi som sikrar god styresamansetning opp mot formål (ferdig)
6. Revidere strategi (Q1 2023)
7. Utarbeide og dele årleg klimarekneskap og vurdere berekraftsrapport (Q1 2023)
8. Vedta kommunikasjonsplan (utsett til Q1 2023)
9. Gjennomføre medlemsundersøkingar, minimum annakvart år. (Utsett til Q1 2023)

- Vi får betre driftsresultat og – kvalitet.
- Det blir enklare å rekruttere medlemmer i heile Vestland.
- Vi får lettare innpass og tilgang til moglegheiter hos viktige interessentgrupper i heile Vestland.
- Vi får eit meir engasjert styre som vi lettare rekrutterer til.
- Vi blir meir attraktive å jobbe med for leverandørar.

Vi har gjennomført arbeidet vårt i all hovudsak etter instruksar og vedtekter.

Vi har auka synlegheit gjennom fleire arrangement og meir engasjement:

- IT-konferansen (for første gong sidan 2014).
- 8. mars arrangement *Kvinner i tech*.
- Oppvekst- og utdanningskonferanse i Loen, den første på tre år grunna korona.
- Vi har auka tal deltakarar frå 83 til 243 på eitt år.
- Vi fekk gode tilbakemeldingar på IT-konferansen: 4,32 i snittscore for konferansen som heilskap (1-5). 36 av 38 svarte dei kan tenke seg å delta på framtidige konferansar.
- Vi har evna å tilpasse oss den nye hybride arbeidskvardagen etter pandemien med fysiske/digitale møte.

# Ansvar og berekraft

IT-forum Vest er ei foreining som i kraft av sitt virke påverkar omgjevnadane. Her er ei oppstilling som seier noko om korleis vi påverkar klima og miljø (E), sosiale forhold (S) og organisasjon (G). Våre ambisjonar er å bidra positivt til å sikre vår felles framtid i eit lengre perspektiv Dette er forankra i strategien.

Vi støttar alle berekraftsmåla, men prioriterer desse (inringa):



**3: God helse:** Det er relevant for oss pga. sentralisering og demografiske utfordringar og der våre løysingar er breiband og e-helse. Sjå våre mål nr. 1 og 2.

**4: God utdanning:** Rekruttering og tilgang til it-kompetanse er viktig for oss skal vi nå våre mål. Våre grep er satsing på mangfald, rekruttering og utdanning på teknologi-området, jf mål nr. 3.

**8: Anstendig arbeid og økonomisk vekst:** Dette målet er viktig for vårt samfunnsoppdrag og visjon. Vårt svar er satsing på utvikling av nærings og arbeidsplassar knytt til IT forum Vest sine tematiske område, jf. Mål nr. 4.

**9: Industri, innovasjon og infrastruktur:** Vi bidrar til å bygge solid infrastruktur og fremje inkluderande og berekraftig industrialisering og innovasjon gjennom vår satsing på breiband og teknologi, jf. Mål 1, 2 og 3.

**11: Berekraftige byar og lokalsamfunn:** Vesentleg for vårt samfunnsoppdrag og visjon. Vårt bidrag er våre satsingar med tilhøyrande tiltak.

**17: Samarbeid:** Dette målet handlar om samarbeid og partnerskap om å nå måla. Samarbeid er fundamentet i vår eksistens og er forankra i vårt samfunnsoppdrag.



FNs BÆREKRAFTSMÅL

Berekraftig utvikling innan 2030 går langs tre dimensjonar: klima/miljø, sosiale forhold og selskapsstyring, derav omgrepet ESG (Environmental, Social and Governance).

Vi har definert FN's berekraftsmål 3, 4, 8, 9, 11 og 17 som mest relevante for oss (sjå forrige side). 3, og 4 og 8 er relatert til S (sosiale forhold). 9, 11 og 17 er relatert til G (selskapsstyring). N.d.gj. klima og miljø (E), har vi eit potensiale i scope 3. Her er vår vurdering av status for 2022 med mål vidare:

### Klima og miljø (E)

**Scope 1:** Denne kjeldekategori etter GHG-protokollen handlar om direkte utslepp frå kjelder eigd eller kontrollert av foreninga. Foreninga har ingen tilsette, ingen kontor eller eigedomar, heller ikkje eigne køyretøy. Det betyr ingen utslepp etter scope 1.

**Scope 2:** Handlar om innkjøpt elektrisitet eller varme. Ettersom foreninga ikkje har direkte innkjøp, blir denne null.

**Scope 3:** Handlar om andre utslepp i verdikjeda og er frivillig å rapportere på etter GHG-protokollen. Det er likevel det mest relevante for ITF og handlar om forretningsreiser, pendling, transport, avfallsdeponering og vareforbruk.

I 2022 betalte ITF ut reiserekningar for administrasjonen på 4522 km bil (diesel), 1 enkeltflyreise og ei bussreise. Vi hadde 8 styremøte, 7 var digitale. Årsmøtet var hybrid og det ekstraordinære årsmøtet var digitalt. Adm. har 95 % av arbeidsmøtene digitalt. Målet er å redusere transport gjennom mindre reising og meir virtuelle møte også i framtida og vi skal ha minimum 70 % av møtene digitalt. I den grad vi har tilgang til elbil, skal vi nytte dei framfor diesalbilar.

I 2022 arrangerte vi årsmøte for medlemmer i heile Vestland i hybrid versjon, både fysisk frammøte og via video. Det sparte deltakarar for reiser utan at vi kan kvantifisere det no. Vi arrangerte også IT-konferanse på Scandic Hotel Voss med fysisk frammøte for ca. 100 deltakarar. Scandic er den einaste hotellkjeden som er svanemerka. Vi vil vere medvitne om berekraft ved framtidige arrangement og konferansar. Vi vil oppmode samarbeidspartnarar om å redusere klimautslepp og gjere kloke val knytta til matsvinn og avfallshandtering.

### Sosiale forhold og samfunnsansvar (S)

Sidan foreninga ikkje har faste tilsette, så er ikkje relevant å rapportere på arbeidsavtaler, sosiale goder, kompetanse m.m.. Foreninga leiger inn tenester frå leverandørar. Foreninga praktiserer rammeavtale på større og langvarige oppdrag. Fakturering skjer etter timeføring.

Lokal verdiskaping er prioritert i formålet og foreninga kjøper inn varer og tenester lokalt i Vestland.

Administrasjonen og styremedlemmer deltek på andre sine konferansar og bidrar med kunnskap ved behov.

Vi er i dialog med dei viktigaste interessentgruppene og styresmakter. Vi bidrar m.a. med høyringssvar på samfunnsutfordringar innan våre område.

### Selskapsstyring (G)

Selskapet tek omsyn til samfunnsansvar i formålsparagrafen og strategien og er i dialog med interessentgrupper i vurdering av risiko- og vesentlegheit.

Foreninga har styreinstruks og vedtekter med rutinar i høve årsmøte og valkomite. Styremedlemmer, som i hovudsak kjem frå medlemsverksemdar, har valt å ikkje kreve styrehonorar. Dette er ein del av dugnadsprinsippet i ITF.

Foreninga har eit overskot på NOK 132 193,- Eigenkapital og gjeld er på NOK 1,36 mill. Resultat og balanse blir vurdert regelmessig av styret og blir revidert av autorisert revisor.

Foreninga har strategi for mangfald knytt til kjønn, alder, geografi m.m. ITF har i dag eit styre der 3 av 8 er kvinner. Resten menn. Styreleiar er kvinne. I administrasjonen er 1 av 3 kvinner. Foreninga har valkomite, som også er regelmessig på val og der fordelinga er 1 mann og ei kvinne.

Foreninga legg vekt på openheit og deler årsmelding, strategi m.m. med offentlegheita på eiga nettside og i andre kanalar. Vi har inngått partnerskapsavtale med Vestland fylkeskommune og vi har eit uformelt samarbeid med interessentgruppene lista opp i innleiing og dei ulike måla.



# Neste steg

## 1 Strategi

---

Vi skal revidere vår strategi og dele ope med offentlegheita for innsyn, bidrag og samarbeid.

## 3 Vurdere ny IT-konferanse

---

Vi skal vurdere og evt. planlegge ny IT-konferanse.

## 5 Medlemsrekruttering

---

Vi vil gjennomføre ein kampanje for å rekruttere fleire medlemmer inn i partnarskapen.

## 2 Berekraftige løysingar

---

Med dialog med våre viktigaste leverandørar og samarbeidspartar skal vi bidra til at vi og dei vel berekraftige løysingar.

## 4 Medlemsundersøking

---

Vi skal evaluere oss sjølv og be om innspel som skal hjelpe oss med risikovurderingar og prioriteringar.

## 6 Nettside og nyheitsbrev

---

Vi vil invitere inn gjesteskribentar frå medlemsmassen og vurdere nyheitsbrev





Kva utfordringar har vi i det rurale Vestland med teknologi og digitalisering?



Det rurale Vestland kan ha fleire utfordringar knytt til teknologi og digitalisering, her er nokre av dei vanlegaste:

1. Tilgang til bredbånd og høghastighetsinternett: Mange av dei rurale områda i Vestland har dårleg dekning og låg hastigheit på internett, noe som kan hindre tilgang til digitale verktøy og tjenester.
2. Mangel på digitale ferdigheiter: Folk i dei rurale områda kan ha lågare digitale ferdigheiter enn folk i byane, noe som kan gjere det vanskeleg å ta del i den digitale verda.
3. Få eller ingen digitale tjenester: Mange av dei rurale områda i Vestland har få eller ingen digitale tjenester tilgjengelege, slik som e-helse eller e-læring, noe som kan gjere det vanskeleg å få tilgang til viktige tjenester og kunnskap.
4. Begrensa tilgang til kompetanse: I dei rurale områda kan det vere få eller ingen IT-kompetente folk, noe som kan gjere det vanskeleg å utvikle og vedlikeholde digitale løysingar.
5. Begrensa tilgang til kapital og finansiering: Mange av dei rurale områda i Vestland kan ha begrensa tilgang til kapital og finansiering, noe som kan gjere det vanskeleg å utvikle og vedlikeholde digitale løysingar.



Er du sikker? Det var veldig pessimistisk?



Beklagar, la meg ta ein ny titt på svaret mitt. Det er sant at mange av dei rurale områda i Vestland kan ha utfordringar knytt til teknologi og digitalisering, men det er også viktig å merke seg at det pågår mange initiativ for å overvinne desse utfordringane. For eksempel har det blitt investert i å forbedre tilgangen til bredbånd og høghastighetsinternett i mange av dei rurale områda, og det er også fleire initiativ for å øke folk sin digitale ferdigheter. Fleire og fleire digitale tjenester blir tilgjengeleg for folk i rurale områder, og det er også fleire initiativ for å øke tilgangen til kompetanse og kapital.

# Framover

Når vi spør @OpenAI og #chatGPT (17.01.2023)



Kva om du ser heile Vestland under ett, inkludert byen Bergen?



Det er sant at Vestland som helhet, inkludert byen Bergen, har god tilgang til teknologi og digitalisering sammenliknet med mange andre områder i Norge. Likevel kan det være utfordringer også i byen Bergen og Vestland som helhet. Noen av de vanligste utfordringene kan inkludere:

1. Digital kompetanse: Selv om Vestland som helhet har god tilgang til teknologi, kan det være at ikke alle innbyggere har den nødvendige digitale kompetansen for å utnytte teknologien på best mulig måte.
2. Skalerbarhet: Selv om mange bedrifter og organisasjoner i Vestland har gode digitale løsninger, kan det være utfordrende å skalere opp løsningene for å møte økende etterspørsel og konkurranse.
3. Datasikkerhet: Som i alle områder, kan det være utfordringer knyttet til å beskytte personlige data og å hindre cyberangrep.
4. Digital deltakelse: Selv om mange innbyggere i Vestland har god tilgang til teknologi, kan det være utfordrende å involvere alle innbyggere i digital deltakelse, spesielt for dem som er eldre eller har lavere inntekt.
5. Innovasjon: Vestland har mange innovative bedrifter og organisasjoner, men det kan være utfordrende å finansiere og å implementere nye teknologier og løsninger.

Vi takkar for din støtte i  
vårt arbeid med å skape  
ein god morgondag for  
alle i Vestland!

## Kontakt

### IT-forum Vest

[www.itforumvest.no](http://www.itforumvest.no)

[post@itforumvest.no](mailto:post@itforumvest.no)

[IT-forum Vest på LinkedIn](#)

[IT-forum Vest på Facebook](#)

**IT-FORUM**  
VEST